



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
15/24	Levekårsutvalet	06.03.2024
27/24	Formannskapet	11.03.2024

### Utkast til alkoholpolitisk handlingsplan 2024-2028 på høyring

#### Samandrag:

Kommunane har eit ansvar for å utforme sin eigen lokale alkoholpolitikk, innanfor alkohollova sine rammer. Som ein konsekvens av dette pliktar kommunen å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan, jf. alkohollova § 1-7d.

Eksisterande plan går ut i 2024 og ny plan må vedtakast før kommunestyret skal ta stilling til val av fornyingsprosess for gjeldande sals- og skjenkeløyve i kommunen.

Gitte løyver løper maksimalt til 30. september året etter at nytt kommunestyre har tilrådt, jf. alkohollova § 1-6. Kommunestyret har då høve til å påverke korleis alkohol- og løyvepolitikken skal vere dei neste fire åra.

Utkast til ny alkoholpolitisk handlingsplan er omtalt i saksframlegget og kommunedirektøren ber om at utkastet vert sendt på høyring.

Ved inngangen til ny løyveperiode har kommunen mogelegheit til å vedta at løyva ikkje skal opphøyre, men løpe vidare for ei periode på inntil fire år etter ein gjennomgang av alkoholpolitikken i kommunen. Kommunedirektøren vil i saksframlegget gjere greie for kva fornyingsprosess ein truleg vil føreslå i samband med den endelige vedtakinga av alkoholpolitisk handlingsplan.

#### Levekårsutvalet 06.03.2024

#### Nye framlegg:

Linn Wingsternes stilte spørsmål om eigen gildskap då ho sit i styret for skjenkestad i Ulstein kommune. Linn Wingsternes trådde ifrå.

6 voterande.

Røysting - Linn Wingsternes vart samrøystes funnen gild.

Linn Wingsternes kom tilbake i møtet. 7 voterande.

Johnny Berge orienterte.

Røysting - Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

**LKU - 15/24 Vedtak****Levekårsutvalet innstiller på at:**

1. Utkast til alkoholpolitisk handlingsplan vert lagt ut til høyring. Kommunedirektøren set ein passande frist for å kome med innspel til utkastet og får mynde til å gjere mindre språklege endringar.
2. Etter at høyringa er avslutta vert planen lagt fram for handsaming i levekårsutvalet, formannsskapet og kommunestyret. I samband med handsaminga av planen vurderast val av fornyingsprosess for gjeldande sals- og skjenkeløyve.

**Kommunedirektøren si tilråding:**

1. Utkast til alkoholpolitisk handlingsplan vert lagt ut til høyring. Kommunedirektøren set ein passande frist for å kome med innspel til utkastet og får mynde til å gjere mindre språklege endringar.
2. Etter at høyringa er avslutta vert planen lagt fram for handsaming i levekårsutvalet, formannsskapet og kommunestyret. I samband med handsaminga av planen vurderast val av fornyingsprosess for gjeldande sals- og skjenkeløyve.

**Vedlegg:**

Alkoholpolitisk handlingsplan versjon 0101  
Gjeldande alkoholpolitisk handlingsplan 2020-2024  
Brev fra Helsedirektoratet - sal av alkohol fra sjølvbetente kasser og butikkar  
Statsforvaltaren i Agder - lovlegheitskontroll minstelønn  
Oversendingsframlegg om minstelønssatsar i samband med rullering av alkoholpolitisk handlingsplan  
Minimum minstelønn for å få skjenkebevilling  
Krav om allmenngjort løn ved tildeling av skjenkeløyve

**Saksopplysningar:**

Kommunen skal utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan, jf. alkohollova § 1-7d. Planen skal fastsette kommunen sin løyvepolitikk, som skal gjennomføre alkohollova sitt føremål om å redusere dei individuelle og samfunnsmessige skadane som alkoholbruk kan medføre. Planen skal reviderast i kvar kommunestyreperiode.

Vedlagt saksframlegget ligg gjeldande plan og forslag til ny plan. Gjeldande alkoholpolitiske handlingsplan er i stor grad føreslått vidareført. Enkelte forslag til endringar er nærmare omtalt under vurdering og konklusjon.

**Vurdering og konklusjon:****Utvalde forslag til endringar i alkoholpolitisk handlingsplan:****4.1.2 - Skjenketider.**

Kommunane på søre Sunnmøre samarbeider om utkast til alkoholpolitisk handlingsplan. Ved utarbeiding av gjeldande alkoholpolitisk handlingsplan var det eit forsøk på å få like skjenketider i dei sju kommunane. Dette første ikkje fram og det er i dag forskjellige skjenketider i fleire av kommunane.

Det blir ikkje gjort eit nytt forsøk på like skjenketider, men kommunedirektøren har fått tilbakemelding frå skjenkestadar i gjeldande periode at dei synes det er uheldig at skjenkestadar i Hareid må stoppe skjenking av gruppe 3 klokka 24.00 alle dagar, mens det i Ulstein kommune er skjenking av alle alkoholgrupper fram til klokka 02.00 innandørs.

Kommunedirektøren ser at ein slik forskjell kan gjere det vanskelegare å drive utestad i Hareid enn i Ulstein. Skjenkestadane i Hareid har i gjeldande periode ikkje fått avvik ved skjenkekонтroll og Hareid kommune har ikkje motteke klager på støy eller anna frå verken innbyggjarar eller politi.

Sidan skjenkestadane verkar å ha god kontroll på kundane og Hareid kommune ikkje har motteke klagar på dei foreslår kommunedirektøren å endre skjenketida på gruppe 3 til 13.00 - 02.00 alle dagar. At utgangspunktet for dagens skjenketid var eit ønske om lik skjenketid med nabokommunar tel også for ei endring av skjenketida som då vil vere i samsvar med opprinneleg intensjon.

**4.2.3 - Vilkår (ved einskildhøve).**

Det er føreslått å ta inn eit nytt punkt om at skjenkestyrar skal ha anten kunnskapsprøve eller digitalt kurs i ansvarleg vertskap ved større arrangement. Dette er for å sikre eit trygt uteliv og trygge arrangement. Digitalt kurs i ansvarleg vertskap er eit lågterskeltilbod for å bidra til eit trygt og hyggeleg uteliv. Det tek 2-3 timer å gjennomføre og kostar per i dag kr. 200,- per deltakar.

#### **4.4.2 - Dokumentasjon (for skjenkeløyve)**

Felles forbundet Møre og Romsdal og LO i Møre og Romsdal har sendt brev til kommuner i Møre og Romsdal med ei oppfordring om å sette krav til allmenngjort minstelønn ved tildeling av skjenkeløyve. Vidare fatta kommunestyret følgjande vedtak i PS 105-23:

"Serveringsbransjen er en bransje som ofte er inngangsporten i arbeidslivet til unge arbeidstakere og arbeidstakere med utenlandsk bakgrunn. Dessverre har tilsyn i bransjen avdekket brudd på arbeidsmiljøregelverket i 70% av tilsyn utført av arbeidstilsynet. Serveringsbransjen har allmenngjort lønn, som betyr at ansatt har krav på en minstelønn. Det er avdekket brudd på minstelønnsbestemmelsen i 25% av utførte tilsyn. Derfor foreslår jeg at kommunen ved neste rulling for tildeling av skjenkeløyver knytter krav og dokumentasjons-plikt om minstelønnsbestemmelser opp mot tildeling av skjenkeløyver. På denne måten vil Hareid kommune være med på å bidra til økt seriøsitet i arbeidslivet for en gruppe som har lite eller ingen kjennskap til rettigheter man har som arbeidstaker."

Kommunedirektøren er einig i at det er viktig å sikre allmenngjort lønn i utelivsbransjen. Liknande krav har blitt føreslått i andre kommunar før oss, men heimelsgrunnlaget for eit slikt vilkår, forholdet til Arbeidstilsynet og korleis kommunen kan sikre etterleving av eit slikt vilkår er ikkje heilt enkelt. Det er Arbeidstilsynet som har ansvar for å kontrollere og handheve føresegner om minstelønn.

Statsforvaltaren i Agder konkluderte i vedtak av 26. februar 2021 med at det ikkje var lovleg å stille vilkår om krav til minstelønn for dei tilsette, verken etter serveringslova eller alkohollova (sjå vedlegg).

Helse- og omsorgsepartementet har i brev av 15. november 2023 til Oslo kommune uttala seg om tarifflønn og alkohollova. Departementet viser til at alkohollova på generelt grunnlag ikkje bør brukast til å ivareta andre føremål enn å avgrense skadeverknadane av alkohol.

Utgangspunktet er difor at det ikkje er høve til å vektlegge brot på kravet om allmenngjort lønn dersom dette skjer av reine alkoholpolitiske omsyn. Departementet viser likevel til at kommunen kan vektlegge brot på minsteløn i vurdering av om skjenkeløyve skal verte gitt, men då som eitt av fleire moment som indikerer useriøs og uforsvarleg drift, jf. alkohollova § 1-7a. Føresetnaden er at dette har "en klar alkoholpolitisk begrunnelse".

Det er likevel framleis knytt usikkerheit til rettstilstanden rundt det å stille krav om minstelønn for eit skjenkeløyve og korleis kommunen kan sikre effektiv etterleving av eit slikt krav.

Eit alternativ er å krevje ei stadfesting om betaling av ålmenngjort minstelønn og vidare krevje dokumentasjon på dette ved kontroll. Slik kan kommunen bevisstgjere søkjar om kravet og tydeleggjere at kommunen ventar at ålmenngjeringsforskrifta vert følgjt. Vidare kan kommunen nytte brot på dette kravet som eitt av fleire moment til å vurdere om skjenkestaden har ei useriøs og uforsvarleg drift.

#### **4.4.3 - Uttale og 5.2.4 - Uttale**

Det er tatt inn ei spesifisering på at uttale frå sosialtenesta vil i Hareid innhentast frå folkehelsekoordinator og kommuneoverlege. Tidlegare har uttale vore innhenta frå NAV Hareid som ikkje har følt dei er ein naturleg uttale-part i slike saker.

#### **5.1.1 - Varegruppe 1 - Salsløyve**

Punktet "nettbutikkar med verksemadsadresse utanfor kommunen" har blitt flytta frå døme på kven som **kan** selje alkohol gruppe 1 til oversikt over kven det **ikkje** blir gitt salsløyve til. I noverande periode har ei verksemd basert i Oslo søkt om salsløyve for nettbutikk i Hareid kommune og fått avslag på dette. Grunngjevinga for avslag har vore manglande moglegheit

for å foreta kontroll både med sal, utlevering og verksemda. Det er også tatt inn eit forklarande avsnitt om bakgrunnen for dette i planen.

Det vert tatt inn eit nytt punkt over kven det ikkje vert gitt salsløye til - **ubetente butikkar**. Helsedirektoratet sendte 22. oktober 2023 brev til alle kommunar som gjeld problemstillingar knytt til korleis sal frå ubetente kasser og butikkar kan oppfylle alkohollovgivinga sine reglar om alderskrav, tidsgrenser og forbodet mot sal til openbart påverka personar. I Uttalen konkluderer direktoratet med at sal av alkohol frå ubetent butikk ikkje er i samsvar med regelverket og det vert også stilt krav til korleis slikt sal kan skje frå ubetente kasser i betente butikkar.

Vidare er det foreslått å ta inn eit nytt punkt om **salsløye ved einskildhøve** og at dette kan seljast på til dømes eit avgrensa areal på eit messeområde. Hareid kommune har ikkje tidlegare hatt søknadar om slikt sal, men fekk ein slik søknad i noverande periode. Eit nytt punkt 5.1.5 om slikt løye er også tatt med. Om det ikkje er ønskeleg å opne for løye for slikt sal bør det leggast inn i oversikta over kven det ikkje blir gitt salsløye til i punkt 5.1.1 i staden.

### 5.1.3 - Salstider

Setning om at det er lov å selje alkohol valdagen er foreslått tatt vekk. Forbodet mot sal av alkohol på valdagen opphørde i 2015 og verkar ikkje naudsyn å nemne lengre.

### 5.1.4 - Vilkår salsløyve

Helsedirektoratet sendte 22. oktober brev til alle kommunar som gjeld problemstillingar knytt til korleis sal frå ubetente kasser og butikkar kan oppfylle alkohollovgivinga sine reglar om alderskrav, tidsgrenser og forbodet mot sal til openbart påverka personar. I Uttalen konkluderer direktoratet med at sal av alkohol frå ubetent butikk ikkje er i samsvar med regelverket og det vert også stilt krav til korleis slikt sal kan skje frå ubetente kasser i betente butikkar.

Helsedirektoratet sitt brev 22. oktober 2023 har betenklegheiter mot korleis sal av alkohol via **ubetente kasser** er sikra at ikkje skjer til openbert rusa personar eller personar under 18 år. Kommunedirektøren foreslår difor at salsstadar med ubetente kasser må sende inn dokumentasjon på rutiner for korleis salsstaden kontrollerar at sal av alkohol i ubetente kasser ikkje skjer til openbert rusa personar eller personar under 18 år.

3 av salsstadane i Hareid har i dag sal av alkohol frå ubetente kasser. Dei har ikkje søkt Hareid kommune om løye til sal av alkohol gjennom slike kasser sjølv om dette skjer i dag.

## 8 - Sals- og skjenkegebyr

Sakhandsamingsgebyr ved søknad om skjenkeløyve til einskildhøve er ikkje endra, sakshandsamingsgebyr ved søknad om salsløye til einskildhøve er tatt inn som nytt punkt med eit gebyr på kr. 400,- og kr. 150,- per påfølgande dag. Miminumsgebyret for sal er omlag ein tredjedel av minimumsgebyret for skjenking i alkoholforskriften . Gebyra for einskildhøve er difor satt i eit liknande forhold mellom sal og skjenking.

Etter diskusjon med andre kommunar på søre Sunnmøre er det også lagt inn eit forslag om å redusere gebyret for tidsavgrensa løye. Det har ikkje kome inn ynskje om dette frå skjenkestadane i Hareid, men dette har vore aktuelt i nokre nabokommunar. Det blir derfor foreslått å ta inn i planen også for Hareid kommune.

## Vidare saksgang og høyringsinstansar

Kommunane på søre Sunnmøre samarbeider om nytt forslag til alkoholpolitisk handlingsplan og forslaget er i stor grad ferdig. Målet er at planen skal vedtakast av kommunestyret 23. mai og for å rekke dette ber kommunedirektøren om godkjenning til å sende utkastet på høyring.

Utkastet vert lagt ut på kommunen sine heimesider og sendt til mellom anna følgande høyringsinstansar:

- Sals- og skjenkestadane i kommunen
- Møre og Romsdal politidistrikt ved Ulstein og Hareid politistasjon
- NAV Hareid - Ulstein - Sande
- Hareid Næringsforum
- Hareid kommune ved kommuneoverlege, folkehelsekoordinator, eining for næring, sektor for samfunnsutvikling, ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Planen blir lagt ut 12.03.2024 med frist til 12.04.2024 for å kome med innspel til forslaget.

### **Val av fornyingsprosess**

Alkohollova har reglar som gjer at den enkelte kommune kan vedta at gjeldande løyver ikkje skal opphøyra, men skal løpa vidare i ei ny periode på fire år. Ved fornying av løyver i 2020 behandla Hareid kommune alle sals- og skjenkeløyve på nytt.

Kommunedirektøren vil truleg føreslå at gjeldande salsløyve ikkje skal løpa vidare i ei ny fireårsperiode, men opphøyrer og må søkjast om på nytt i same møte som alkoholpolitisk handlingsplan vert vedteke.

Vidare vert det truleg føreslått at gjeldande skjenkeløyve ikkje skal løpa vidare i ei ny fireårsperiode, men opphøyre og må søkjast om på nytt for ei ny fireårsperiode.

Fleire kommuner på søre Sunnmøre vil truleg gå andre vegen og la gjeldande sals- og skjenkeløyver bli fornya. Ved neste rullering av alkoholpolitisk handlingsplan vil Hareid kommune då kunne hauste av erfaringane frå våre nabokommunar og sikre at ei eventuell framtidig endring i Hareid kommune gjerast best mogleg både for kommunen og næringslivet.

Konsekvensar for barn og unge: *vil bli nærmere omtalt når alkoholpolitisk handlingsplan skal handsamast.*

Konsekvensar for eldre: *vil bli nærmere omtalt når alkoholpolitisk handlingsplan skal handsamast.*

Konsekvensar for menneske med nedsett funksjonsevne: *vil bli nærmere omtalt når alkoholpolitisk handlingsplan skal handsamast.*

Likestillingsmessige sider ved saka: *vil bli nærmere omtalt når alkoholpolitisk handlingsplan skal handsamast.*

Konsekvensar for folkehelsa: *vil bli nærmere omtalt når alkoholpolitisk handlingsplan skal handsamast.*

Miljøkonsekvensar: *vil bli nærmere omtalt når alkoholpolitisk handlingsplan skal handsamast.*

Økonomiske konsekvensar: *vil bli nærmere omtalt når alkoholpolitisk handlingsplan skal handsamast.*

Beredskapsmessige konsekvensar: *vil bli nærmere omtalt når alkoholpolitisk handlingsplan skal handsamast.*

Ragnhild Velsvik Berge  
kommunedirektør

Johnny Berge  
sakshandsamar

